



Innsats i BTI – Rådgivning/foreldrevegleiing

NAMN PÅ TILTAKET: Rådgeving og foreldrevegleiing frå Sveio helsestasjon	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 0 år - ut ungdomsskulen	Gjeld: Sveio helsestasjon, jordmor og skulehelsetenesta
Omfang Individuelt, etter behov Individuelt tilbod til alle eller gruppetilbod	Kontaktperson i tenesta: Grethe Natås, leiande helsesøster eller Ritha Førland, foreldre veileidar Telefon: 53748120 eller 53748123
Omtale av tiltaket: <ul style="list-style-type: none">• Forutan råd til barnet/ungdommen/ foreldre kan helsestasjonen og skulehelsetenesta også gi råd til barnehage/skule ift tilrettelegging for enkelte barn/unge.• Helsestasjonen nyttar ICDP foreldrevegleiings programmet til alle foreldre i barnets første leveår. ICDP er basert på 8 tema for godt samspel. Foreldra møter i grupper på helsestasjonen, 8 gonger første leveår, 1 ½ time kvar gong. Hovudmålet er at foreldra bli bevisst barna sine behov, møter barna sine behov på ein god måte, og å vera bevisst eigne reaksjonar når barnet oppfører seg utfordrande. ICDP er eit førebyggjande program med fokus på mestring og familiens resursar. Vegen til tryggleik består i å ha eit kart (tryggleikssirkelen) å kunne sjå seg sjølv og barnet utanfrå, og å snakka om kva ein gjer for at barnet skal kjenne seg trygg. Dette inkluderer og å kjenne att og anerkjenne ubehag og samstundes møte barnet sine behov med omsorg.• Helsestasjonen nyttar og NBO,(Newborn behavior Observasjon.)NBO er for foreldre med barn i alder 0-3 månader. Det kan nyttast av helsepersonell som har fått opplæringa og 2 helsesøstre og foreldre veilederen vår har tatt denne utdanninga. Helsesøster som har dei minste barna nyttar NBO ved himebesøk eller ved konsultasjonar på helsestasjonen, eller ved 6 vekers kontrollen på helsestasjonen. NBO er ein observasjon av barnet i lag med foreldra der målet er å sensitivisera foreldra slik at dei betre kan forstå barnet sitt og styrka relasjonen mellom barnet og foreldra. » sjå barnet snakkar til deg» Me ynskjer å gi foreldra auka mestringsfølelse og trygghet på at dei kan forstå og tolka barna sine signal/ kommunikasjon.• EPDS er eit kartleggings skjema som jordmor og helsesøster kan nytta ift mor sin psykiske helse etter fødselen. EPDS måler depressive symptomter hos barselkvinner og er eit skjema som dei fyller ut sjølv med 10 spørsmål som ein nyttar ca 5 min å svara på. Det kan brukast av helsepersonale som har fått opplæring. Jordmor og helsesøster ved Sveio helsestasjon har denne opplæringa. Det kan gi ein indikasjon på om ein er i ferd med å utvikle depresjon, det er ikkje eit diagnoseverktøy. Ein kan dermed intervensera på tidleg stadium og førebyggje og eller hjelpe kvinner som får depresjon i forbindelse med svangerskap og fødsel. Mor skal henvisast til fastlege sin dersom ein får mistanke om at ho kan vera deprimerert og treng oppfølging• Foreldre veilederen som jobbar ved helsestasjonen har og individuell oppfølging/ samtaler med foreldre som av ulik årsak treng dette. Det kan vera barn eller unge i ulik alder frå 0-16 år(ut ungdomsskulen) Sveio kommune har ikkje vidaregåande skule og helsestasjonen inklusiv foreldre veileidar er kunn bemanna til å ivareta barn frå 0 år til og med ut ungdomsskulen. Vidaregåande elevar har helsesøster ved skulen som dei går på som dei kan nytta.	